



ÅRSMELDING FRIIDRETT 2025

Styret er samansett slik:

Leiar: Asgeir Bakke
Kasserar: Tone Anett Espe
Styremedlem: Mali Sagsletten Smørdal
Styremedlem: Ann Kristin Endal

Friidrettsgruppa har hatt ei trening for veka, på onsdagar. Har arrangert terrengløp på skiskyttarstadion, med ca 50 deltakarar frå kommuna.

Har hatt med 30 deltakarar på 1.mai løpet, på Åheim. Det vart fleire klassesigrar.

Elias Endal Hellesø junior kl 19-20 år. Der deltok og Hans Erik Haugland, som vart nr 2.

Jenter 13, Jenny Endal Hellesø, nr 1.

Jenter 12, Marie Smørdal Hjelle, nr 1.

Gutar 12, Hjalmar Bratli Haugland, nr 1.

Gutar 11, Brage Endal Hellesø, nr1.

Har hatt med deltakarar på desse stemna;

Førde Leikane, Byrkjelo KM Sogn og Fjordane, Molde Leikane, Ålesund Sparebank Møre Leikane, Byrkjelo Sparebank Leikane, Kristiansund Lerøyleikane 2025, Midt og Nord Norge.

Jenny Endal Hellesø vart kretsmester i 7 øvelsar.

Lerøy Leikane er ein kretskamp mellom 7 fylker, Midt Norge og Nord Norge.

Jenny vart tatt ut i 6 øvelsar. Ho gjorde det kjempegodt. Ho vann 60m hekk (10,37), vann 600m (1,44,80), vann 200m hekk (32,20). Lengde 4.pl, høgde 4pl. I stafett vart Sogn og Fjordane nr 3, med Jenny på laget.

På norgesstatistikk jenter 13 2025 er Jenny nr 5 på 200m hekk.

På 1500 i sogndal, sprang Jenny på tida 5,01, nr 8 på Norgesstatistikken. Det vert spanande å følgje med utviklinga til Jenny.

Asgeir Bakke
friidrettsgruppa